

Fra: Liv Astrid Myhre Ytrøy[livastrid15@gmail.com]

Sendt: 13.05.2022 14:40:01

Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]

Tittel: Innspel til klagesak - Børnes industriområde Uskedalen ref. 2022/1032

---

Som nær nabo til Børnes industriområde, så meiner eg at mine innspel også bør takast med og vurderast i denne saka. Eg har tidligare sendt brev angående dei plagene/problema vi som naboar opplever. Seinast 4. mars sendte eg ett brev med spørsmål som eg ikkje har fått svar på. Dette var før vedtaket i forvaltningsutvalget. Eg meiner framleis att desse spørsmåla er relevante i saka. Forventar att desse spørsmåla no blir besvarte, og om ein ikkje kan gje fullgode svar så må det også komma fram

Som nabo vil eg ha eit godt bumiljø og ikkje bli plaga av støv og støy over lang tid. Eg har vore i kontakt med kommunelegen og miljøretta helsevern då eg opplever dette som svært belastande.

Slik det er nå er sannsynligvis verdien av huset mitt lavare enn før. Venner som har vore på besøk seier att sånn kan ein ikkje ha det.

På Børnes har det vore mykje støy og støv i 10 år no!!! Og så til det viktigaste og mest bekymringsfulle spørsmålet: Kor lenge ser ein for seg att dette skal fortsettja? 10-20 år til?

Det er mykje eg som nabo kan tåla så lenge det kan bli til arbeidsplassar, men så langt har dette nesten ikkje vore tilfelle. Det har helst vore støy, støv og mykje trafikk. Eg savnar informasjon frå dei som arbeidet med dette

og ikkje minst planane vidare med tidsperspektiv.

Eg håper att både dette, og mine tidligare innspel, brev datert 4. mars og brev i sak 2022/225, blir tekne med i totalvurderinga, det er mi og mine naboar sin livskvalitet som må vurderast. Og av det eg har lese så er dette også ei vurdering om vi fortsatt kan få ha Hjørnevåg som ei god bedrift i nabolaget. Som alle veit har Hjørnevåg mange ansatte og set både Uskedal og Kvinnherad på kartet.